



Erik Angell-Hansen  
Breisteinvegen 281  
5111 BREISTEIN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/475 - 18/4660

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
22.03.2018

## Byggesak Gbnr 45/123 Manger - tilbygg - bortfall av tillatelse

Dykkar brev av 26.02.18.

Kommunen har som tidlegare meddelt vurdert at byggeløyve for tilbygg av 06.06.13 er falt bort som følgje av 3-års frista. Vurderinga er gjort på grunnlag av dykkar munnlege opplysningar om at det er rydda vegetasjon og gjort reint førebuande arbeidar, men at ingen del av sjølve bygningen er påbegynt.

Det følgjer av føresegna i plan-og bygningslova § 21-9 at:

*Er tiltaket ikke satt i gang senest 3 år etter at tillatelse er gitt, faller tillatelsen bort. Det samme gjelder hvis tiltaket innstilles i mer enn 2 år. Disse bestemmelser gjelder tilsvarende for dispensasjon. Fristene kan ikke forlenges.*

Det følgjer ikkje direkte av lovteksta kva som må til for at tiltaket er å sjå som «satt i gang».

Vurdering av om tiltaket er satt i gang er basert på andre rettskjeldar, mellom anna Carl Wilhelm Tyren «*Plan- og bygningsloven kommentarutgave*» 6. utgave side 405:

*For at byggverk m.v. kan sies å være satt i gang må det være satt i verk vesentlige tiltak i marken. Er grunnmur eller tilsvarende fundament oppført, må byggverket sies å være i gang.*

Vidare O.J Pedersen mfl. «*Plan og bygningsrett*» 2000 side 252:

*Fristen avbrytes ved at tiltaket er satt i gang. Det som menes må være at det må være utført arbeider som ledd i selve realiseringen av tiltaket. Rent forberedende arbeider som å rydde vegetasjon vil ikke være tilstrekkelig. Det vil heller ikke være tilstrekkelig at byggegruba er gravd ut. Først hvis grunnmur eller tilsvarende fundament er på plass, kan det sies at selve tiltaket er påbegynt.*

Kommunen kan ikkje sjå at det har kome fram nye opplysningar i dykkar brev av 26.02.18 som endrar kommunen si vurdering av at byggeløyve av 06.06.13 er falt bort etter plan- og bygningslova § 21-9.

---

**Post**

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)

Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

## **Klagerett**

Det er bare klagerett på enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 28. Kommunen har ikke truffet vedtak om bortfall av tillatelsen. Tillatelsen faller bort automatisk etter plan- og bygningslova § 21-9. Det er såleis ikke klagerett på at tillatelsen har falt bort.

## **Ny søknad**

Det må sendast inn komplett ny søknad om løyve til tiltak, inkludert søknad om dispensasjon frå arealføremål og byggegrense mot sjø.

For rettleiing i høve ny søknad rår kommunen til at dykk avtaler ei førehandskonferanse med bygesaksavdelinga eller tek kontak når avdelinga har publikumsope torsdagar mellom klokken 9 og 15.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Mottakarar:**

Erik Angell-Hansen

Breisteinvegen 281

5111

BREISTEIN